



Onsdag kjem elvesteinen til Sanden

Opningsdagen er 2. juni og arbeidet med SPAR-utvidinga går raskt både ute og inne. I dag førebur Tore Musland det som skal skje med det lange feltet mellom Sandavegen og parkeringsplassen etterat det vart beslutta å leggja elvestein der. Feltet blir i første omgang fylt med jord.

Det neste er at området blir fylt med sement og endeleg blir dei runde steinane plassert oppå sementen. Det skal skje onsdag.
- Vi trur på at det blir eit flott felt, seier dagleg leiar Bente Nilsen og Musland trur det same. Han har funne veileigna stein til prosjektet. i området ved Musland.

Men noko er tydelegvis trass i alt ikkje avklara i samband med prosjektet. Meininga var å utvida Sandavegen med 2 meter av kommunen sitt område for å gjere adkomsten til parkeringsplassen lettare.

Men så langt har det tydelegvis ikkje skjedd noko frå kommunen si side og no undrar SPAR-leiinga på kva det blir til sjølv om det ikkje ligg an til nokon ålvorleg trafikk-kork.
Rette vedkommande i kommunen har ikkje vore tilgjengeleg i dag for å svara på spørsmålet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kva med dei 2 metrane som kommunen skulle avgje av det grønne feltet til venstre på bildet?